

Åshild Blomdal

Fra: Åshild Blomdal
Sendt: 2. februar 2017 17:18
Til: nve@nve.no
Kopi: Bjørn Atle Drange; brm@markhusbygg.no
Emne: Reguleringsplan Holme, Meland kommune

Sendt fra min Samsung Galaxy-smarttelefon.

Hei

Viser til uttale datert 08.12.2016 til offentlig ettersyn av detaljreguleringsplan for Holme forretningsområde – Gnr. /Bnr 10/85 mfl - Meland kommune. Det vert i uttalen bedt om at flomfaren vert følgt betre opp i planen. Vi ynskjer å få avklart innhaldet i denne merknaden med dykk før vi sender planen inn til Meland kommune for 2. gangs behandling.

Flaumfaren i området knyter seg til sidebekk frå Holmeelva som går i røyr gjennom planområdet. Opphoping av vatn her (område BKT3 i plankartet) kan flaume over og inn mot eksisterande bygg i planområdet. Då det skal etablerast undergang innanfor planområdet må det etablerast eit nytt overvasssystem for å hindre at vatnet samlar seg i undergangen. Dette vil bli handtert i det vidare arbeidet med prosjektering av undergangen.

Vi ynskjer difor å få vurdert eit rekkefølgjekrav der denne problemstillinga vert omtalt. Føresegna vil stille krav til gjennomføring av avbøtande tiltak mot flaumfaren med tilhøyrande dokumentasjon av at desse tiltaka vil gje tilstrekkeleg tryggleik mot flaum. Vi ser da for oss å vise område BKT3 som eit føresegnsområde (#) for å tydeleggjere kvar opphopinga av overvatn kan oppstå.

Vil NVE kunne akseptere dette som ei løysing på dykkar merknad?

Vidare i dykkar uttale står det:

Holmeelva renn gjennom eit myrområde vest for planområdet, og vidare i røyr/kulvert gjennom Fv 564. Slik vi tolkar kartet vil for liten kapasitet i røyret/kulverten gjennom fylkesvegen føre til vasstandsstiging i myrområdet. I verste fall må vatnet renne over fylkesvegen. Det er vanskeleg for oss å vurdere om planområdet ligg lågare enn den terskelen som vegen då vil utgjere. Dersom dette scenarioet ikkje er vurdert oppmodar vi Meland kommune om å gjere ei slik vurdering. Ligg planområdet lågare enn vegen bør det gjennomførast ei kapasitetsvurdering av kulverten. I denne

kapasitetsvurderinga bør 200 års flaum med 20% klimapåslag leggjast til grunn, og ein må og vurdere faren for tilstopping.

Som foto under viser er det fleire meter høgdeforskjell frå kulvert til fylkesvegen. Myrområdet vest for forrentingsområde ligg på om lag kote +26. Det lågaste punktet på fylkesvegen er der kulverten går under vegen på nordsida. Her er nivået + 31, 5 meter over myrnivået. Forretningsbygget ligg på kote + 30 eller høgare. Kulverten har ein dimensjon på 2,5 meter i diameter. Ved ein eventuell flomsituasjon tilseier høgdeskilanden på 4 meter mellom myrområdet og forretningsområdet at risikoen for at det flaumer over ved manglande kapasitet er liten og at det difor ikkje er naudsynt med ei kapasitetsvurdering av kulverten under fylkesvegen.





Figur 2 Innløp kulvert ved myra nord for fylkesvegen (bilde tv) og utløp kulvert som går under fylkesvegen (bilde i midten). Det siste bilde viser utløp vest for planområdet.

Med helsing

Åshild Blomdal

Arealplanleggar

99 76 97 16



Hamnevegen 53

Pb.291

5203 OS

ashild@abo-ark.no

www.abo-ark.no